

Alt som står i Meddelelsesbladet skal berre vera til medlemene i F.K.

F.K. i heimefrontens arbeid.

Til rettleiing for alle medlemmer i F.K. for arbeidet vidare framover, vil vi hermed gjera merksam på at Vestlandske Frihetsråd frå nå av heiter Heimefrontens fylkesråd. Fylkesrådet er den organisasjon som set om i praksis dei parolar og ordrar som kjem frå konge og regjering utalands, og heimefrontleinga innalands. Alle ordrar vert gjevne gjennom oss til F.K. Innan det distrikt vi høyrer til, F.K. er innan sitt herad den einaste lokale styret som leier det underjordiske arbeid. Den utfører lokalt dei ordrar som kjem frå Heimefrontens fylkesråd. F.K. må ikkje taka mot nokon ordrar frå andre enn dei som ein veit representerar fylkesrådet.

Samansettinga av fylkesrådet er den same som i Vestlandske Frihetsråd. Her er det ingen endring. Det politiske grunnlaget for arbeidet er like eins slik som før, nemleg den erklæringa som vart send ut av regjeringa og som står i Meddelelsesblad nr. 1. På dette grunnlaget skal alle samlast i eit sams arbeid i aktiv innsats for fridomen på eit demokratisk grunnlag. Alle som godkjenner dette grunnlaget kan dragast med i arbeidet.

F.K. vert såleis under krigen, det lokale styret for heimefrontens kamp innan heradet. Den vil og i overgangstida vera kjerna i bygdestyringa fram til nyval. Alle skriv frå F.K. vert heretter stilt til Heimefrontens fylkesråd, sekretariatet. Dekkadressa til rådet vert endra og vert gjeven særskild til kvar F.K. Elles er postrutene dei same som før.

Det må innrentast at alle i tida framover viser den same varsemd i arbeidet som tidlegare. Vi har ennå ikkje hatt eit tilfelle av innbrot i rekken våre. Vi må ikkje få det heretter heller. Det må ikkje pratast om ting som har med det indre arbeidet å gjera, anna enn til dei som direkte har med det å gjera. Berre dei som har synt seg å vera pålitende nordmenn, og som har tåme i konspirativt arbeid, bør kom med i det leiende arbeidet. Dette gjeld særleg forslaga om dei nye heradstyre som skal sitja førebils. Dei F.K. som ennå ikkje har send inn forslag må gjera dette snarast. Like eins med oppgåvene om N.S., stripete, svarthandlarar og andre som har synt slett nasjonal innstilling under krigen. Her må det ikkje takast venskapsomsyn. Sanninga skal fram overalt. Elles viser vi til dei praktiske oppgåvene vi har skrivne om før og som går fram av instruksane.

Vi ynskjer alle F.K. lukke til med det vidare arbeid, og vonar å sjå ennå større resultat av arbeidet når alle mistydingar om kven som står bak er borte. Det arbeidet som F.K. har gjort i tilslutning til Vestlandske Frihetsråd har vore eit grunnleggjande arbeid for fridomsstriden. Dette har og fått full anerkjening frå høgste hald. Det har ikkje berre vore eit arbeid for hjelpe landsmenn i naud og for å aktivisere folket i kampen for fridomen sin, men eit historisk arbeid for å trygge ei demokratisk utvikling etter krigen til fred og lukke for landet. Vestlandske Frihetsråd som nynn går nå over i historia, men grunnlaget for arbeidet og sjølve arbeidet går vidare. Vestlandske Frihetsråd ber eit program og eit mål med seg. Dette er løyst og vert fullført gjennom Heimefrontens fylkesråd. Let derfor alltid arbeide framover skje under det klare perspektiv vi alltid før har hevda: Eit fritt demokratisk Norge.

Heimefrontens fylkesråd
sekretariatet.

Det økonomiske spørsmål.

Etter kvart som arbeidet veks innan F.K. kjem spørsmålet om dei økonomiske midlane på dagsorden. Vi kan nå sikre alt arbeid full økonomisk stønad. Frihetsobligasjonane er nå ferdige med eit vakkert trifarga utstyr. Kvar F.K. kan nå taka opp lån til arbeidet sitt på desse obligasjonane. Dei må og i den næraste framtid setja opp eit overslagsbusjett om kor mykje dei treng. Berre pålitande nordmenn får høve til å kjøpa obligasjonar.

F.K. sender inn til sekretariatet for rådet namn(i kode) på dei som vil kjøpa obligasjonar, likeeins summen som dei vil teikne seg for. Den legste summen som vert utskreven er kr. 100., elles kan ein teikne seg for kor mykje ein vil. F.K. må vere varsame med alle som kjøper, slik at obligasjonane ikkje kjem på urette hender.

Haustgrøa må bergast for folket.

Matnaude vil verta stor i byane til vinteren. Vi må ikkje i tida som kjem slå oss til ro med at krigen snart er slutt og at det er uturvande å verje seg mot ein fiende som er ferdig. Tyskerne kan enna gjera mykje skade her i landet før dei dreg seg ut. Det gjeld ikkje berre industrien og produksjonene der, men og matvarene frå fiskeri og landbruk. Å verne om industrien er det tilsett spesialfolk. Å verne om maten, må folket sjøl og dei som leier friidomskampen på det sivile området, ta seg av. Og her er det store oppgaver å løysa. Nå er t. d. alle byar uten poteter. Det same gjeld for ein stor del utover landet der folk må kjøpp poteter. Potetusten i år vert mykje lagre enn dei andre krigsåra. Derfor kan vi oppleve stor matnaud dersom ein ikkje i tide hindrar fienden i å ta maten frå folket.

Alle poteter som kjem inn til byane vert rekvirert av tyskerne. Folket får ingen ting. Det er vår plikt å syta for at potetene i haust kjem folket til gode og ikkje fienden. Her må det verta ein ubrytande front der by og land står saman. Bøndene må her visa ein sann nasjonal handlemåte. Dei har lite nauda av krigen til nå. Dei må nå i første rekke ta sitt lyft for å berga jordegrøa for ~~landets~~ folket. For F.K. er dette ei spesiell oppgave som må løysast straks. Dei må syta for at dei er folket si rette forsyningsnemnd. Dei må sjå til at der forsyningsnemndene er norske må dei syta for at dei som treng innan heradet vert sikra poteter, og at tvangsleveringar til tyskerne vert sabotert. F.K. må ta opp rekvisisjon hjå bøndene på poteter som vert samla for å sendast til byen. Den praktiske framgangsmåte for sending vil verta ordna seinare. Forebils vert F.K. pålagde å ta oppgaver over potetmengder hos alle gode bønder, og samla dette på ein stad for seinare avhenting. Dette gjeld også for frukt og grønnsaker. Likeeins må F.K. syta for at både forsyningsnemnd og bønder saboterar alle tvangsrekvisisjoner til tyskerne i haust. Ved å stå fast samla kan ikkje fienden gjera mykje for å hindra dette. Den makta han hadde før er broten, og vi må nytta ut alle veikpunkt hos fienden til vår eigen fordel.

Gå straks igang med arbeidet for å berge potetene. Send inn oppgaver over det som bøndene er villige å levera. Prisane er vanleg maksimalpris. Når det gjeld grønnsaker og frukt, må kvar F.K. legge beslag på det som er fastsett til sals, slik at ein er sikker på at det kjem folket til gode. F.K. må syta for at dei har tilsyn med alle jordbruksvarer som skal ut a kommunen. Send inn oppgaver over denne nasjonale jordbrukstellinga til Heimefrontens fylkesråd, sekretariatet, seinast innan 18 september.

Instruks:

1. Det vert skaffa oppgaver og kontroll med all potetmengde som overslags vis vert avla i heradet, og kor mykje som kan leverast til sal utafor heradet.
2. Det vert skaffa oppgaver og kontroll med alle grønnsaker og frukt som er til sals og som kan rekvirerast av dei nasjonale forsyningsnemndene.
3. Alle tvangsleveringar av jordbruksprodukter må halast ut og saboterast.
4. Dei handelsmenn eller lag som har seld til folket innan heradet, og har synt seg som gode nordmenn, står for handelen innan heradet. Full kontroll med at det ikkje vert hamstring eller svarthandel med varene. F.K. syter for å ha denne kontrollen.
5. F.K. vel ut ei forsyningsnemnd for å gjennomføre dette. Denne nemnda står under kontroll av økonomileiaren. Men denne bør berre ha kontakt med ein av dei som er med.
6. Der forsyningsnemnda som er offisiell, er norsk, bør det samarbeidast, men på ein slik måte at dei konspirative krava vert støtta.
7. Arbeidet må skje på brei basis, men slik at F.K. alltid er dekt men har tråane i si hand. Folket må lærast opp til aktiv innsats sjøl.

1. Paroler.

Til alle F.K. er sendt ut paroler for bøndene, jordstyre og forsyningsnemndene. Nå gjeld det at parolene kjem fram til alle dei

som skal ha dei, og dette må F.K. syta for. Send dei ut med ein gong, så den rettleiding som her er gjeve, ikkje kjem for seint.

Det gjeld om å styrkje bondefronten. Alle bøndene s- så sendt det er mogeleg - må dragast inn i ~~krigen~~ aktivt arbeid under sluttkampen. Det er målet.

Vi har kjennskap til at tyskerne reiser ikring på bygdene og kjøper opp bondevarer. Dei kjøper poteter, grønnsaker og frukt til høge priser. Dette vert så samla og sendt til byen under andre varemærke, som t. d. maskindeler, og i organisasjonen Tod sitt namn.

Truleg skynar tyskarane at det kan verta vanskeleg å få tak i jordbruksvarer i den mengde som dei treng dei, på ordinar måte, og so triv dei til denne metoden.

Det er stor skam for dei bønder som let seg lokke av panger, til på denne måten å tena fienden. Dei er rett og sløtt brotsmenn. F.K. må fylgja nøye med her, og skriva opp namnet på alle som sel til tyskarane, og syta for at det i kvart einskild høve kan provest.

2. Forsyninga.

Vi minner om oppgava over poteter som bøndene er villig å levera. Vi ville gjerne ha denne oppgava straks, så det alt nå kunne ordnast med eiv sending til byen, då det her er stor skort på poteter.

3. Ny avis.

Ein av dei fyrste dagane kjem det ut ei ny trykt avis. Namnet er dag "Dagrenning". Avisa-vert sendt til dei same adressa

som "Gjallarhorn", men elles er det meininga at ho skal spreidast i større krinsar enn denne. "Gjallarhorn" er ei avis som nærast er skriven for A.T.-folk og annan ungdom, medan "Dagrenning" er skriven for heile folket. F.K. må syta for at denne avisen vert spreidd i vidast mogeleg i heradet, men ein må alltid syna varsemd, så ho ikkje kjem i urette hender.

4. Dekkningsplassar.

Ein må ikkje stogge arbeidet med å skaffa dekningsplassar, sjølv om ikkje alle plassar som til nå er skaffa, er tekne i bruk. Det er mangt som tyder på at ein får bruk for mange dekningsplassar i tida framover.

For det fyrste er det mange som ikkje tidlegare i har hatt kjennskap til at her er organisasjonar som kan tilvisa plass til folk som må gjøyma seg burt. Dei har difor måtta flakka ikring på det uvisse. Elles kan ein venta at i tida framover vert det mange fleire som lyt gå i dekning, og det er ille om det ikkje føreåt er sikra så mange plassar, at alle kan få hjelp. Det er betre å ha rådevalde over for mange plassar, enn om ein skulde koma i den stoda at det vart skort på rom. Det må ikkje henda.

5. Arbeidsråd.

Etter krigen skal det skipast arbeidsråd i alle kommuner. Arbeidsoppgåvene vert omlag dei same som no høyrer inn under arbeidsformidlinga. Rådet skal vera på 3 medlemmer, med ein av dei som formann.

F.K. må snarast senda inn framløgg til arbeidsråd kvar i sin kommune. Der forretningsføreren i trygdekassa er god nok, er det rimeleg at han vert med, og kanskje formann. Ein av medlemmene må vera frå arbeiderklassen.

6. Atvaring.

I det siste har tyskerane ved fleire høve teke kroppsvitasjon under passkontroll. Dei har også kontrollert ferdafolket sin bagasje.

Alle må nå syna den største varsemd. Ingen må utryvande bera på seg illegale skriv. Dessom må gjøymast på ein sikker stad. I dei tider må ein unngå å ha slike skriv på seg når ein er ute på ferder, der ein kan verta passkontrollert.

Til etterretningssjefene i F.K.

Krigen er no førd inn på norsk jord. Dette fører med seg at fienden går hardare tilverks i sine freistnader på å få tak i AT-folk og andre som er i dekning.

DETTE MÅ HINDRAST.

Søk derfor å byggja ut etterretningstenasta best mogeleg. Set til nye pålitande folk, då korte avstandar mellom bodberarane ofte er ein fordel.

Finn nye vegar for å få boda fram dit dei skal. Knyt til dykk telefonstyrarar der desse er pålitande.

I serlege høve, t.d. der russia kan ventast, set ut vakter um dette er mogeleg.

Send alltid inn rapport um det du høyrer, sjølv um dette berre er rykter. Rapporten skal vera so noggrann som råd er. T.d. der russia hev vore, kor mange mann og kvaslags. (Vanleg soldat eller Gestapo.)

VIS UNTANKE! VER PÅ VAKT!

Rapporter vert å senda til Fylkesrådets fellesadr., merkt etterretningssjefen, kvar 14. dag i den regulære rapport. Er det noko som hastar so skriv straks!

Etterretningssjefen.

Forsynings spørsmålet.

Transportvanskane vert verre for kvar tid som går, og ein lyt vera budd på at det kan koma dit at sambandet mellom by og land kan heilt verta brote. Dette har mykje å seia for forsyningane. Det gjeld om å ha opplaga slik at matfordelinga vert minst mogeleg hindra av transportvanskar.

I byen er store mjøllager, medan slike lager er heller små utover bygdene. Vår oppgave må vera å finna fram til ei ordning som sikrar bygdefolket mat ei tid framover, slik at eit brot av sambandet mellom by og land ikkje fører til at det vert matløyse på bygdene.

Som ein god måte å auka lagret på bygdene, nemner vi at forsyningsnemndene må skriva ut forskotstilvisingar til sikre handelsmenn. Vi vil difor beda F.K. venda seg til alle sikre forretningsførarar i forsyningsnemndene og drøfta dette spørsmålet.

På den andre sida må det sytast for at ikkje folk i byen skal koma til å vanta slike matvarar, som det nå er lite av i byen, men som det på landet er meir av, t.d. poteter, grønnsaker og kjøt. Det er tidlegare skrive til F.K. om dette, og ein vil nå minne om det, og beda om at dette forsynings spørsmålet må det koma fart i med ein gong. Fylkesrådet ordnar med transport og fordeling.

Det er sumt som tyder på at det kan verta vanskar med å få tak i salt. F.K. må oppmøda handelsmennene å sikra seg salt straks. Li-kocins må ein gjera alt ein kan til å få tak i tunnør til lagring av kjøt, sild og fisk. Fylkesrådet vil elles hjelpe til med dette. Fylkesrådet vil også hjelpe til med å få tak i sild.

Det er uvisst om fiskeflåten kjem ut til Stor- og vårsildfiskeket denne vinter. Ein kan difor ikkje rekna med å få nomnande stor-sild denne vinteren. Folk må vera merksam på dette.

Når det gjeld arbeidet med des e sakene, må ein gjera det på ein slik måte at folk ikkje begynner å prata. Alle planar og arbeid med kriselager skal F.K. medlemmene vera åleine om å vita. Difor er det berre pålitande handelsmenn som må nyttast som lagringsmenn.

I det heile er ein aldri varsam nok når det gjeld å halda tett med arbeidsplanane.

Rapporter.

Av hensyn til oversikten over, og kontakten med alle F.K. ønsker vi fra nu av en fjortendaglig rapport om arbeidet i F.K. Denne rapport skal sendes enten man synes man har noget å rapportere eller ei! Den skal inneholde følgende: a. Møter som er avholdt. Hovedtrekkene i forhandlingene gies i et kort referat. b. Arbeidet som er utført i F.K., såsom A.T.-gutter som er plassert, innkjøp som er gjort, depo som er opprettet etc. etc. c. Hendelser i herredet. d. Regnskap og kapital-behov. e. All post som er mottatt fra oss (avis, orienteringer, skriv, etc.) og hva man har gjort med den. All post som er sendt.

Før dette rapportsystem settes i verk, vil vi først ha en oversiktsrapport. Denne skal inneholde: a. de illegale navn på alle dem som er direkte knyttet til arbeidet, med oppgave over u.l. o.l. e.m. og postadressen til F.K. og adressen til ham som skal ha Gjallarhorn o.l. b. Alt arbeid som er gjort i F.K. til denne tid, herunder forsyninger som er skaffet og lagt i depo. Antall A.T.-gutter og andre som er plassert. c. Antall dekningsplasser som kan skaffes. d. Den økonomiske stilling, herunder kapitalbehovet. e. Er nogen av dem som er knyttet til vårt arbeid også med på annet illegalt arbeid, leilighetsvis eller stadig. Og hvem. (All sammenblanding med andre må opphøre, eventuelt ved å skifte ut folk). f. Hvor mange eksemplarer vil F.K. ha av Gjallarhorn. - - - Det er om å gjøre at rapportene blir kortfattet og oversiktlig, men likevel spekket med opplysninger. Vi venter at alle rapporter innløper punktlig. Unngå purring! Oversiktsrapporten venter vi å få snarest, og senest innen 20/11-1944. Den første regulære rapport venter vi å få 5/12-1944, og senere hver 14. dag fra denne dato. I oversiktsrapporten er der altså 6 punkter som skal besvares, og i den regulære rapport er der ~~5~~ 5. Senere endringer i denne "ordre" vil bli kunngjort i Meddelelsesbladet.

Det skal ikke forhindre den daglige korrespondanse, men denne skal regnes i den regulære rapport. - Det er p.g.a. den voksende arbeidsmengde at vi må ha disse kontinuerlige rapportene.

Vis fantasi og energi i arbeidet! mottoet må være: Intet er umulig!

Evakueringsspørsmålet.

Vi har alt fått mange evakuerte fra Bergen utover bygdene, og flere vil det sikkert koma. Dette kan skapa mange vanskar, om ikkje F.K. er vakne og tek alle rådgerder. Evakueringa kan skapa vanskar for våre dekningsplasser. F.K. må syta for at dei vert representert i evakueringnemndene i sine bygder, og gjera alt dei kan til å hindra at evakuerte vert plassert slik at våre dekningsplasser vert opp-tekne eller vert mindre sikre.

Når det kjem så mange framande inn i ei bygd, vert tilhøva alltid meir usikre, så folk må med ein gong syna større varsomd. Det er stor fare for at nasispionar kan nytta eit slikt høve til å koma seg utover bygdene og driva si spionverksamd. Folk må difor få ei særskild påminning om at dei må ikkje tru seg til hokon. Nasispionane er sjølvsagt dei beste jøssingar ute mellom folket, så dei kan vinna tiltru. Difor tru ingen som du frå før ikkje har noko kjenskap til.

Alle må få instruks om ikkje å ta inn i sine heimar framande som ikkje er tvangs-evakuert, før det er heilt greidd at det er pålitande folk. Fylkesrådet vil hjelpa til med etterrekingar. Meld frå om alt som gjev grunn for mistanke. Ein kan aldri vera varsam nok. Det må vera ein regel at alle evakuerte synar fram sine pass til hus-herren i det hus dei er tilviste plass.

F.K. må føra namnliste over alle evakuerte som kjem til bygde-

ne.

Til ungdomslederne vedr. A.T.-menn i dekning.

Ungdomslederen må ha den nødvendige kontakt med alle ungdommer i heredet, slik at han til en hver tid vet hvem som må stikke av p.g.a. arbeidsforhold eller andre forhold som tvinger en til å gå i dekning. Han må i slike høve stå i nøye kontakt med etterretningssmannen.

Når så en mann må gå i dekning, sendes straks inn rapport til H.F., A.T.-avd. gjennom fellesadr. over de vanlige kanaler.

1. Rapporten må inneholde: Hvor mange, hvem, navn, deknnavn, adr., kort karakteristikk.

2. Ved mottaging av rapporten sender vi straks brev i retur som inneholder: Reiserute, arbeidsforhold, plasering m.v.

3. Pr. omgående sendes også brev til mottakeren av A.T.-mannen, med beskjed om å holde seg klar for mottakingen og ordne med plaseringen.

4. Når A.T.-mannen er sendt og kommet fram, vil vi ha rapport fra sender og mottaker om reisen og plaseringen.

5. Tilfeldige A.T. eller andre som går i dekning på egen hånd, eller kommer til plasering ad privat veg, må en ta seg av, men ikke direkte. Den organiserte hjelp for dekningsfolk trer først i direkte kontakt når alle forhold i forbindelse med vedk. person er bragt på der rene. Rapporter alltid slike forhold. Husk at tilfeldige personer kan være utsendt av fienden.

Ved plaseringen av A.T.-mannen tar vi hensyn til hvilket arbeid han før har hatt, og han må ta det arbeidet som han blir satt til. Lønn vil han få etter avtale med sin nye arbeidsgiver.

A.T.-mannen må ha forbindelse indirekte med ungdomslederen, som formidler brev og pakker enten direkte eller gjennom H.F., sekr. etter som det best ligger an. NB! Posten skal sensureres.

A.T.-mannen kan bli overflyttet etter ønske, men vi vil helst unngå dette. I alle tilfeller må han ikke stikke av på egen hånd.

H.F. må hele tiden ha kontroll med A.T. gjennom ungdomslederen.

Ungdomslederen som har arbeidet med A.T.-guttene må se til at alle disse får et eksemplar av instruks for A.T.-gutter og andre som er i dekning.

Heinrichsen's Fylkesråd
sekretariatet.

Til ungdomslederne vedr. A.T.-menn i dekning.

Ungdomslederen må ha den nødvendige kontakt med alle ungdommer i heredet, slik at han til en hver tid vet hvem som må stikke av p.g.a. arbeidsforhold eller andre forhold som tvinger en til å gå i dekning. Han må i slike høve stå i nøye kontakt med etterretningsmannen.

Når så en mann må gå i dekning, sendes straks inn rapport til H.F., A.T.-avd. gjennom fellesadr. over de vanlige kanaler.

1. Rapporten må inneholde: Hvor mange, hvem, navn, dekknavn, adr., kort karakteristikk.

2. Ved mottaging av rapporten sender vi straks brev i retur som inneholder: Reiserute, arbeidsforhold, plasering m.v.

3. Pr. omgående sendes også brev til mottakeren av A.T.-mannen, med beskjed om å holde seg klar for mottakingen og ordne med plaseringen.

4. Når A.T.-mannen er sendt og kommet fram, vil vi ha rapport fra sender og mottaker om reisen og plaseringen.

5. Tilfeldige A.T. eller andre som går i dekning på egen hånd, eller kommer til plasering ad privat veg, må en ta seg av, men ikke direkte. Den organiserte hjelp for dekningsfolk trer først i direkte kontakt når alle forhold i forbindelse med vedk. person er bragt på der rene. Rapporter alltid slike forhold. Husk at tilfeldige personer kan være utsendt av fienden.

Ved plaseringen av A.T.-mannen tar vi hensyn til hvilket arbeid han før har hatt, og han må ta det arbeidet som han blir satt til. Lønn vil han få etter avtale med sin nye arbeidsgiver.

A.T.-mannen må ha forbindelse indirekte med ungdomslederen, som formidler brev og pakker enten direkte eller gjennom H.F., sekr. etter som det best ligger an. NB! Posten skal sensureres.

A.T.-mannen kan bli overflyttet etter ønske, men vi vil helst unngå dette. I alle tilfeller må han ikke stikke av på egen hånd.

H.F. må hele tiden ha kontroll med A.T. gjennom ungdomslederen.

Ungdomslederen som har arbeidet med A.T.-guttene må se til at alle disse får et eksemplar av instruks for A.T.-gutter og andre som er i dekning.

Heimefrontens Fylkesråd
sekretariatet.

fragrørla hausten 1941 og lærar og kyrkjestrident varen 1942, kunne landet vårt stå som eksempel på eit folk som hadde mist evne til å kjempe for sin eigen frihet. På eit allfor tidleg tidspunkt vart det ført ein brotgranda som tok sikte på å motarbeide ein aktiv motstand mot fienden. Vi skal ikkje kome inn på kven som har skulda for denne passive linja. Dommen ~~vart~~ som kjen når fri presse og fritt ord igjen kjem i høgsete og søg om den norske innsatsen i frihetskampen skal skrivast vilverte hard. Men her ligg den faren at dei som er skuldige i denne feilaktige politikken, vil hindre det frie ord fra å kome fram.

Her ligg det ei stor oppgave for alle ærlege nordmenn: A sjå til at det søklike og demokratiske synet kjem fram, at vi når krigen er over ikkje får ei ny munnorg på oss med eit anna namn. Vi nordmenn har ord på oss å vera fritalende. La oss derfor sjå til at vi verner om retten til å bruke denne nasjonale serhatten. Vi må sjå den sanninga i rugo at det idag er sterke krefter som reddast det frie ord når krigen er over. Dette må vi vera på vakt mot overalt. På same vis som dei tyske lærermeistrane, vil dei sette eit visst politisk stempel på alle dei som kjemper for det frie ord, for fri tenkning og aktiv handling på demokratisk grunnlag. Her har dei iire års tysk propaganda å støtte seg til.

Dei som idag strider for ein aktivisering av kampen mot fienden, med krav om fullt politisk samarbeid av alle parti på eit demokratisk grunnlag, representerer det beste i folket vårt i denne tid. Det er den hederlige typen annan folket, som kjenner ansvaret for framtida, og som bygger på ider og som har framtid for seg. Det er dei som vil at Norge ikkje skal ligge som haleheng til utviklinga i dei andre land, men som vil at vi som i 1814 skal vera å finne i første rekke når det gjeld å halde friheten og det frie ord i år.

Hos ungdommen skal desse idealer vera i høgsetet. Ungdomen er livsnar, og er folket si framtid. Hos dei vert det ikkje omynnet til stilling eller personlege interesser som dikterer standpunkt. Ungdomen er politisk hederlig og usmitt av korrupsjon. Den skal vera siltet som trygger mot råtenskapen. Når de nå skal vera med i kampen mot den fiende som har tek fra dykk retten til fri tenkning og fri tale, så var alltid på vakt mot dei som etter krigen vil ta fra dykk denne retten. For dette er livsretten for alle frie folk.

Krigsnytt.

I Frankrike har frigjeringskrigen av landet av dei allierte og innenlandske styrkane, gått for seg så snøgt at det er mest uråd å fastsette kvar dei er komne til. Dei amerikanske styrkane står ved den sveitsiske grense, og har gått over Seinen både nord og syd for Paris. Den tyske armeen som drog seg tilbake mot Seinemunningeh, er det ingen ting å av. Fangene ströymar inn i tusental, og den organiserte motstanden er så og seie borte. Totalt på dei tyske fangar og fälne er nå kome landet over ein halv million menn.

Dei frie franske innenlandsstyrkane har hatt store sigrar. Alle dei store byane i Frankrike er erobra av dei. Fredag var stemning i Frankrike på toppen då general de Gaulle drog inn i Paris der folket glodde seg over friheten som var vunen. Marseillesen ljoma igjen i gatene. Paris var igjen ein fri hovudstad.

Romanias brot med Tyskland er resultatet av ei demokratisk reising over heile landet. Det begynte med demonstrasjonar og streikar. Regjeringa som er laga er samansett på breid demokratisk basis med representantar for det liberale parti, bondepartiet, kommunistane, sosialistane og dei militære. Antonescu er flykt til Tyskland. Den 6 og 8 tyske armeen i Romania har mist dekning: si mot russarane. Russarane rykker nå fram mot Galatsopninga og oljefeltet i Ploesti. Det vert meldt om kamper mellom tyskere og romanar over heile landet. I flakobarna Constansa foregår det kampar. Vidare rykker russarane ~~virk~~ fram mot Krakov og i områdene ved Varsjva. Dorpat i Estland er tatt. Den nye russiske offensiven ruller opp igjen med same kraft som før. Finland og Bulgaria står i ferd med å fylgje eksemplet fra Romania. Fra Moskva er det sendt ut opprop til det tyske folket om å gå til oppstand mot Hitler. Ein dristig oppstand vil sette nazistane ut av spelet, heiter det i oppropet.

Paroler og praksis.

På alle områder markerer vi i den seinere tid større aktivitet og vilje til motstand i alle lag av folket. Dette verker stimulerande både på dei som har vore med i frihetskampen, og på dei som har blitt dregne med i arbeidet. Men framleis er det altfor mange som tar dei parolane som blir gitt, altfor lettvindt, og konstruerer opp vensker som ikkje eksisterar, for å slippe unna ansvaret. Trur dei nye innkallingar til A.T. foregår, og det er framleis mange som moter. Ofte moter ein foreldre som utan skam fortel at guten eller gjenta hyss er reist dit og dit i arbeidet, nesten. Dei såg ingen annan utvei, seier dei, og så ser det ikkje ut for å vera så farleg, som dei seier fra London, o. s. v. Most gjeld dette gjentend til A.T.

Det er rett nok at det har vore vensker med å få den organiserte hjelpa for alle som har vorte råka av forordningane, men nå ligg hjelpe som oftast nær for hande. Med initiativ fra foreldre, systkin eller verner, er det alltid råd å få frå folk som kan gje rettledning og organisatorisk hjelp. Her kan ein ikkje vente at dei som tek seg av dei utskrevne, skal mot fram på huset for å ta seg av dei. Viser dei ikkje sjøl initiativ for å få kontakt, har ein heller ikkje nokon garanti for at dei er så litende at dei annerlege kan ta seg av dei. Sikre garantier at det er pålitelige folk, er eit absolutt krav.

Når det gjeld dei parolane som er blitt gitt, er det nadsynt å se på at dei litt for dei som omgikk ikkje forstår alvoret: I n g e n moter til A.T.-innkalling, korkje gut eller gjenta, i n g e n reiser frivillig som arbeidsmobilisert. A l l e skal nekte å vera med å skriv ut, eller søke etter dei som nekter A.T. eller Arbeidsinnsats A l l e stillingar eller arbeidsklassar som tyskerne eller N.S. vil skriv ut arbeidskraft til s k a l biostat.

Dei foreldre som lar barna sine mot fram til A.T. eller arbeidsinnsats, eller lar dei på annan måte fylgje forordningane fra fienden, må vera klar over det ansvaret dei påtar seg. Dei ungdomar som moter fram eller mnslar seg fra å stå solidariske med dei som nekter, får eit mekk på seg om dei seinere i livet aldri kan vaske seg. Det å ha vore i A.T. eller arbeidsmobilisert i dei årsklassene som prolen om boykott gjeld, vil alltid ra ein attest for slett samfunnsansvar i livet. Her skal foreldre vera klar over det ansvar dei har overfor barna sine, slik at dei ikkje er å gjer framtida deira flekkete. Likesamt både overfor dei unge, som motndet vil hemna seg for eller seinere. Det er nå ein legg grunnen for ein tre samfunnsmoral, for ei betre tid. Den kan ikkje byggje på sjölradig egoisme og likesamt overfor andre landsmenn, men på solidaritet og skpende itiativ. Her ligg innh ledet i det som vi vil vorte eit levdyktig demokrati.

Mange som har vort i dekning sidan parolane om boykott kom, snkter om å vende tilbake fordi dei meiner risikoen er mindre for å bli tatt. Itte er ikkje tilfelle. Elles skal ein vera merks på at parolane om boykott av A.T. og arbeidsinnsats tar ikkje bare sikt på å borga den enkelte fr å falle i fiendens klør, men å hindre at ungdommen blir soldater arbeidshjelp for fiendens krigsinnsats, å sjå til at dei gjer sin innsats på den rette sida i kampen - å oppdra ungdomen til å tenkje medvete i sin eigen og landet sin stilling, og sjå til at innsatsen for frihet må vera størst mogleg, - å halde arbeidskraft og soldater klar til den avgjerande innsatsen. Glöym aldri dette. Ikkje berre for di eigen del, for du alle dei rolane som vert sendt ut om motstanden mot fienden, men for dine andre landsmenn og for landet si framtid. Glöym ikkje dei som har gjort den første innsats, som har late livet sitt i kampen, som set i fangsel eller konsentrasjonsleir. Glöym ikkje noko av det som har hendt under krigen, it skal hjelpe deg til seinere å velja veien framover til større lukke r landet og folket som har hatt

- 2 -

Hausten må bergast for folket.

Nå når det lid mot slutten av krigen, vil tyskerne freiste på å raske med seg det meste av haustgrøda. Det vert derfor lite å få for sivilfolket. Kjøt har i fleire år vore ei sjeldsynt vare i byhusholdningane. Det folket har drygt maten med har vore poteter. Nå står vi migt i hardaste poteteseasonen, og likevel er storparten av huslydane i byane uten poteter. Det er tyskerne som forsyner seg av potethausten, og sivilfolket får svelte. Herre folket skal nå ta med seg avskilsmiddagen.

Dette må dei ikkje få høve til. Vi må syte for at dei vender seg tomhendte ut av landet som råd er. Og vi kan mekte det dersom vi står samla. Det må skapast ein ubrytande solidaritet mellom by- og land for å berge hausthausten for folket. Serleg må ein nå ta sikte på å syte for at potetene ikkje går til tyskerne, men kjem på rette hender. I praksis kan vi her få gjort eit nasjonalt arbeid av største verd for å sveise folket saman i kamp for sine egne interesser. Det berger ikkje berre folket for matnaud, men styrkjer samkjensla og stimulerer ein aktiv innstilling hos folket. Her må det ikkje finnast svikt hos nokon. Den som sel frivillig til tyskerne må noterast opp. Han skal snart få betaling for alle varer han har selt til dei. - av dei rette!

Alle tvangsleveringar til tyskerne må halast ut og saboterast. Ein må nytta alle vegar for å sleppa unna levering. Alle leveringar som ein veit går til sivilfolket, skal effektuerast straks. Idag er det bøndane skal få høve til å syna si nasjonalkjensle, slik som andre yrkesgrupper har gjort synt si. Ingen svikt i rekkjene må syna seg.

Haustgrøda 1944 ut av klørne på tyskerne: xxxiii

Krigsnytt.

I vest er frigjeringa av Frankrike snart ferdig. Den organiserte motstand av tyske tropper på fransk jord er slutt. Etter erobringa av Paris, vende de allierte styrkane mot nord, mot kanalkysten og Belgia. For to dagar sidan gjekk dei over den belgiske grensa, og tok hovudstaden Bryssel igar. Dei står 15 km. fra Antwerpen. I sydfrankrike har amerikanerne gått over den fransk-italienske grensa. På midtfronten står dei nær opp til Siegfriedlinen. Slaget om Frankrike har vore eit samhengande nedslag for tyskerne.

I Italia har dei allierte brote gjennom dei tyske forvarslinene, og rykker nedover mot Posletta.

I Jugoslavia har Titos styrker gått over til offensiven i samband med den russiske framstøyten gjennom Romania. Alle jernbanelinjer som tyskerne kunne nytta for å trekke troppene fra Balkan nordover, er avskorne.

Ved grensa av Bulgaria står store russiske styrker oppmarsjert. Russarane rykker nå vidare fram langs Donau mot nordvest. For to dagar sidan tok dei grensebyen mellom Jugoslavia, Romania og Bulgaria. Kampene i Transilvania fortset. Her er det romanske tropper som kjemper mot ungarere. Balkan er så og seie heilt ut av hendene på tyskerne. Sluttkampen artar seg som vill oppløysing i den tyske herleiinga. På alle frontane venter nederlaget innover dei tyske styrkane. Det er berre hos Goebbels at vona om v2 held motet oppe.

Kampene i Varsjawa held fram. Det er teikn på at russarane ligg seg til m3d eit frontalangrep mot byen. Elle ser det ut for at oppstandet i Varsjawa har utvikla seg til ei tragedie, då det har vore politiske serinteresser som har lege som motiv for motstanden. Etter dei siste meldingene ser det likevel slik ut at dei politiske motsetningane mellom polakkane innbyrdes held på å verte løyste. (Vi vil i neste nummer av Gjallarhorn komme med ei utgreiing om dette spørsmålet)

Den største hendinga på krigsfrontane denne veka var at Finland har fylgd veien til Romania og Bulgaria, og kapitulert. Det har lange vore tale om at finnane skulle dra seg ut av krigen, men det drog ut. Den 3 sept. kom det enedeleg melding om at Finland hadde brote det diplomatiske sambandet med Tyskland, og den 4 sept. kl 8 vart kampene mellom russere og finnar innstilt etter ordre frå president Mannerheim. Nå når Finland har kapitulert er det berre Ungarn som framleis står saman med Tyskland i nederlaget. Alt yder på at krigen ikkje vil verte av lang varighet nå.

Demokratiet marsjerer.

Mange myrke spadomar om framtida, vert gjort tilskamme etterkvart som krigen går mot slutten. I fire lange krigsår, har den tyske propaganda spydd ut mistillit til fråsegnene til dei allierte om atterreisninga av demokratiet etter krigen. Svartsynet fekk og næring på grunn av at det i dei allierte land arbeidde grupper som ville nytta ut krigssituasjonen til å kaste seg opp til sjølrådige styresmenn, og sette det demokratiske styret ut av kraft. Nå kverv svartsynet for det ljose, optimistiske synet. Etter kvart som dei undertrykte landa vert frige, ved at dei allierte herane rykker fram, kjem dei beste representantar for folket fram på den politiske arena. Dei sanne stridsmenn for ei demokratisk utvikling etter krigen, for folkestyret.

I Frankrike har de Gaulle, etter at landet vart fritt, skipa om riksstyret sitt på eit anna breiare grunnlag. Alle store politiske parti er med i de t nye riksstyret, frå dei konservative demokratar til kommunistane. Det er den franske heimefronten som har fleirtalet i det nye riksstyret. Dei frie avisene som nå kjem ut i Frankrike, viser alle ein sams vilje til å trygge ei nasjonal demokratisk utvikling. Avisene som kom ut under Vichy-riksstyret, og som har diskreditert seg, er ikkje meir. Den underjordiske presse er komen fram i det fri, med nye namn og nytt innhald. Embetsmenn og sjournalistar frå tyskerne og Vichy si tid får teia.

Ei presselov, som den frie presse har vorte sand om, kjem truleg til verta lovfest av det nye riksstyret. Den går ut på å skaffe ei verkeleg fransk presse, utan korrupsjon og svindel. Ei presse som folk kan ha tillit til. Prisen på dei nye avisene i Frankrike, skal rette seg etter sidetalet, slik at ei avis på to sider skal koste 2 franc, ei på fire sider 4 franc. På denne måte vert avisene betalt av abonnentane, og pressa vert fri for økonomiske band til pengefolk og annonsrar. Dette er serleg viktig i Frankrike som før hadde ei presse som var kjøpt av storkapitalen i politisk interesse.

I Belgia er eit nytt rikstyre og parlamentet kalla saman. Dei tre største parti i Belgia har under heile krigen arbeidd nøgje saman, med hovkontor i det liberale partiet. Denne politiske samlinga har nyss sendt ut ei utgreiing om dei politiske tilhøve i landet, og om perspektiva for framtida. Det vert her slått fast at Belgia skal ha eit parlamentarisk-demokratisk styre, bygt på full pressefridom og frie val. Det nye provisoriske riksstyret, som er skipa, bygger hovudsakleg på heimefrontens folk, og dei av heimefronten som har stått på eit fast demokratisk grunnlag under heile krigen. Det vert frå dei tre store parti og sagt frå at dei gjerne ser kommunistane vert med i det nye riksstyret. Det vert retta ein del kritikk mot den belgiske regjeringa som var i London, fordi denne har mist kontakten med folket i heimlandet, og ikkje alltid ført ein politikk som samsvara med interessene til folket. Med omsyn til kong Leopold, er folket like hendt med om han kjem att på trona. Derimot er ein yngre bror av kongen populær, då denne under krigen har synt fast nasjonal holdning. Det er på tale at han skal verta regent føebils.

I Balkanlanda ser vi den same utviklinga. Folket kjem sjøl med og krever eit landsstyre som dei sjøl veljer og kan ha tiltru til.

For oss nordmenn er alt dette gode teikn, som viser at når folket på heimefronten får avgjera framtida, kan vi sjå ljost på dei politiske tilhøve etter krigen. Dei svartsynte som stødt hevdar at vi ingen ting maktar sjøl, og at stormaktene avgjer alt, ser galt, både når det gjeld sjølve kampen, og med omsyn til framtida for folket etter krigen. Det er innsatsen som tel. Eit folk som vil og som kjemper for den, vil alltid vinne den.

Når den norske heimefronten nå er samlepolitisk på eit klart demokratisk grunnlag, har vi rett til å sjå ljost på framtida. Dei som har gått eller gar mot folket sine ynskjer og interesser, vil setja seg sjøl utafor frigjeringsarbeidet, også i framtida. Folkestyret i den form vi hadde det før krigen, vil komast, men med eit sterkere og større innhald. Her ligg garantien for framsteget, - for freden.

Kulturfronten.

Det vert på ny gjort merksam på at alle framsyningar på Nasjonalteatret Det Norske Teater, Trøndelags Teater og Komedioteatret i Bergen, er boykotta av alle gode nordmenn.

Ingen god nordmann går på naziteatret komedia i Bergen. Sjå til at alle lyder parolen.

Alle turnear utover landet, som vert organisert av dei ovannevnte teater er likeeins bødde kerte. Det same gjeld alle tyske filmar, og dei norske filmene som er laga i det siste. Ingen må la seg lokka av at kjende filmfolk er med.

Hald kulturfronten rein!

Skulefronten.

Quislingstyret er igjen ute etter skuleungdomen. Det er skuleungdomen som arbeidskraft for krigsinnsatsen dei er ute etter. Nazistane vil skaffe seg opplysning om elevtalet m.m. på ungdomsskulane og andre skular med ungdom i arbeidsinnsatsalder. Ingen lærar eller andre som har med skular å gjera må medvirke til at elevane vert oponenta. Ingen föl ordrene frå quislingane. Alle må rette seg etter dei ordrer som kjem frå heimfrontleinga og oranisasjonane for motstanden på heimfronten. Lærar og elev må hjelpe kvarandre.

Hald skulefronten rein!

Churchil og Roosevelt møtest i Quebeck.

For å dryfte dei aktuelle spørsmål som reiser seg nå når krigen går mot slutten, vert det i desse dagane halde ein konferanse i Quebeck mellom Churchill og Roosevelt. Begge har eit fylgje med seg av økonomiske og militære ekspertar. Den kanadiske premierministeren King er tilstades som vert Stalin var innbeden til møtet, men kunne ikkje møte på grunn av dei nye russiske offensivane som er igang på austfronten.

Det er ennå ikkje sendt ut noko kommunike frå konferansen, men dei viktige spørsmåla som vert dryfta er okkupasjonen av Tyskland og vasallstatane av U.S.A. og Storbritannia, og samordninga med den russiske okkupasjon frå aust. Dessutan skal stoda for dei okkuperte land dryftast, og organiseringa av freden, når krigen er vunnen. Det siste punktet under dryftingane er krigen mot Japan etter at krigen i Europa er slutt.

Krigsnytt.

Etter oppmarsjen mot den tyske grense av dei offensive amerikansk-britiske styrkene, frå den sveitsiske grense til Nederland, vert det meldt at amerikanske tropper har brote gjennom dei tyske linjene ved Trier, og står nå med store styrker inne på rikstysk område. Siegfriedlina vil sikkert ikkje verta nokon stor utsetjing for nazismens nederlag i vest. Meldinga om gjennombrøtet vart sendt ut frå B.B.C. etter at den amerikanske og engelske nasjonalsongen vart spela. Den fart som det har vore over den allierte offensiven i vest, gir oss gode voner om at det fullstendige tyske nederlaget ikkje er langt borte. Det har gått rykter om at tyske politikere har søkt kontakt med dei allierte for å få vinnare greie på fredsvilkåra, men det vert hevda frå B.B.C., at ein ikkje bør festa lit til slike rykter utan at dei vert bekrefta frå alliert hald. Då både von Papen og Ribbentropp skal vera i Spania, er det god grunn å tru at tyskerne er ute med følehorn.

På Italiafronten er framgangen mot Po-sletta stö og sikker.

I aust står dei russiske styrkene med hardt press mot den Aust-Preussiske grense, likeeins nord for Varsjva der kampen framleis står om Weichsellina. I syd har russarane kome i kontakt med Titos styrker, som for kort tid sidan tok ein av grensebyane til Bulgaria. Russarane rykker nå fram over slettelandet mot Budapest.

Atvaring.

Det er mange som nå når det lid mot slutten av krigen, finn ut at det ikkje er turvande å syna den same varsemd som før. Fienden er nå meir på vakt enn nokosinne. Difor må vi og vera det. Vi har aldri hatt råd å missa folka våre som er i aktivt arbeid, enna mindre nå når sluttspurten skal takast. Ha augo med deg kvar du fer. Sjå opp for framande folk som ferdast. Tru deg ikkje til nokon som du ikkje kjenner fullt ut. Ser du noko mistenkjeleg så sei frå til sikre folk som kan varsku dei som treng det.

Kvar er din front?

Stornytt frå vestfronten. Stornytt frå austfronten. Stornytt frå alle militære frontar. Dei gigantiske krigshendingane og framgangen for dei allierte tek pusten frå ein. På rutebåten, på trikken, på krembua, etter vegen, -stemninga er høggjort. Vi sigrar på alle frontar. Vi!

Det er ein front "vi" ikkje kjem ihug, eller kanskje rettare ikkje vi vil koma ihug, fronten som alle er mobiliserte til, også ein alliert front, -heimfronten. Krigsmeldingane utifrå er ofte ei soveputa som visse typer av landsmenn kviler på for å draga seg unna for eigen krigsinnsats. Ofte høyre ein frå desse at dei frie avisene berre bør innehalda krigsnyhende. "Vi" er ikkje interessert i andre ting. Dei som stiller med underjordiske aviser burde ha som oppgave å syta for ferske nyhende, slik at "vi" kan fylgja godt og trygt med i einrom, og så brenna avisene. (Det er kje verd å ta risikoen med å senda dei vidare.)

Altfor mange kjenner svært lite til den harde striden som vert ført på heimfronten. Det daglege strevet, og ynskjet om å koma bort frå eigen innsats, dimmer synet for dei store mål. Dei tenkjer ikkje på at kvar time ofrer landsmenn livet sitt, eller vert binte i fengsel og konsentrasjonslager, fordi dei har gjort si plikt mot landet. Av og til steggar ein kanskje opp, når det kjem fretnad om eit tiotal landsmenn som er skotne, eller eit hus som er avsvidd. Men likevel, - det er så langt borte.

Eit tysk skip, Westphalen, gjekk for eit par veker sidan ut frå Oslo. Ein eksplosjon ombord, sende skipet til botnar utafor svenskekysten. Meldingane over svensk radio gav kalde fakta. Det som var löynd bak skipsplankane kom fram i dagen. 60 norske fangar frå Grini, var innesperre ombord, og skulle nå sendast til fangelsjer i Tyskland til vidare plaging. Berre 4-5 norske liv vart berga. Ei melding frå krigsfronten, 8 - heimfronten.

Hendinga med Westphalen har vekt samvetet hjå mange sovande i Sverige. Det slavesystem som rår i Norge og Danmark, har ført til at kjende svenskar nå neiser spørsmålet om ikkje svenskane sjöl er medskuldige i det som skjer i grannland, fordi dei ikkje har gjort det dei kunne for å hindre raskapen. Fleire store svenske aviser tek til orde for at Sverige nå må bryta med Nazityskland, ikkje berre på det økonomiske, men og på det politiske område. Det begynner å gå opp sjöl for storsvensken, at det ikkje alltid svarer seg å berre mjöla si eiga kake under ein krig. Ein nasjon si eta og framtid, ligg ikkje alltid i god kjøpmannsgivna.

Dette skulle også mange av våre landsmenn tenkja på. Du har i denne tida ikkje rett til berre å tenke på deg sjöl og familien din. Du skal kjenna deg bunnen til fedrelandet ditt, ved å kjenna deg bunnen til den kampen som vert ført for at det igjen skal verta fritt og lukkeleg. I dei få vekene som er att av krigen, vil krava koma til alle, og dei vert kanskje strengare enn før. Dei som ser det store mål i kampen, har lettare å bera byrdene som vert pålagt, enn dei som berre leitast etter vanskaner. Kjenner du først solidariteten med alle som er med i den same striden, ber du byrdene lett, og kjenner deg tilfreds med at du og far høve til å ta i med.

Minnst om dei som let livet ombord i Westphalen, krev svar frå alle. Og det er berre eit svar: fylla rakkene i heimfrontens armeer, etter dei. Auk innsatsen i heimfrontens arbeid. Hjelp alle som arbeider mot fienden med alt dei treng. Var med sjöl og vakk andre til arbeid. Sjå til at du og alle dine kjende følgjer ordrene og parolane som kjem frå heimfronten. Var med å hindre at fienden tek maten ut munnen på folket. Tenk alltid på kvar og korleis du best kan skada fienden. Din front finn du i di eiga bygd eller by, i din eigen kreds.

A SPREIDE DEI FRIE AVISENE ER OG EIN KRIGSINNSATS!

SEND ALLTID DENNE AVISA VIDARE TIL EEN SIKKER KJENNING NAR DU SJÖL HAR LESE DEN. LES ALDRI EI FRI AVIS FLYKTIG; MEN TENK NOGJE OVER DET SOM STAR DER EI FRI AVIS HAR ALLTID NOKO SERLEG SOM DU SKAL MERKE DEG.

Danmark.

Den 19. september erklarte tyskarane unntakstilstand i heile Danmark. Det danske politikorpset vart oppløyst og tyskarane overtok sjøl politimakta. Det kom til kamp fleire stader i Kjøbenhavn, då politiet ved enkelte kaserner sette seg til motverge. Tyskarane nytta eit triks ved å blåsa flyalarm, for å få politiet til å samle seg i kasernene. Tyskarane freista og å kidnappe kongen. Det kom til opne kampar der folket tok del, utafor Amalienborg slott. Kampen varde i tre timar. Då tyskarane ottast at kampen kunne føra til opprør, drog dei marinetroppane som hadde marsjert opp framfor slottet, tilbake, og sende ut fråsegn at xxx episoden ved slottet kom av ei mistyding.

Det danske frihetsrådet har svara på den tyske aksjonen med å prklamere generalstreik, som skal vare til torsdag 21. Elles vert folket oppmoda til ro og orden, og ikkje late seg provosera til open oppstand nå. Når tida er inne vil signalet til oppstanden verta gitt.

Finnland.

Frå tida 14-19 september vart det ført forhandlingar i Moskva om våpenstillstand mellom Sovjetrussland og Storbritannia på den eine side og Finland på den andre side. Mellom dei som var tilstades ved konferansen kan nemnast: Frå Sovjetrussland: Molotov, Vorosjilov, Litvinov og Sdanov. Frå Storbritannia: m.a. Clark Carr. Frå Finland: utanriksminister Enkel og general Walden.

Den 19. vart vilkåra gjort kjende frå Moskva. Dei gjekk i det vesentlege ut på:

1940. Dei finske stridskreftene skal draga seg tilbake til grensa av Finland, og så gje dei over til dei allierte som krigsfangar. Innan 2½ månad skal den finske krigsmakta reduserast til fredstidsstyrke. Flybaser og marinestasjonar i sør og austfinnland skal stillast til disposisjon for dei allierte inntil vidare. Russarane oppgir kravet om Hangö men skal råda over basen Porkala i femti år. Traktaten mellom Russland og Finland av 1940 om Alandsøyane skal tre i kraft att. Petsamo skal gå over til Sovjetsamveldet att.

Alle allierte krigsfangar skal verta frigjevne. Likeeins alle som har sote fengsla på grunn av sympati eller arbeid for dei allierte. Finske krigsfangar hjå dei allierte skal frigjevast. Finland skal internera alle tyske og ungarske stasborgarar, og samarbeide med dei allierte med å utlevere krigsforbrytarar.

Den finske flåten skal stellast til hjelp for dei allierte så lenge krigen varer. Finland skal betale 300 mill. dollar til Russland i krigsskadeerstatning. Erstatning til dei andre allierte skal fastsetjast seinare. All russisk eiendom som finnen har tatt i Russland, skal leverast tilbake i uskadd stand. Alt tysk krigsmateriell og tyske skip i Finland skal overleverast til dei allierte.

Alle parti med nazikarakter eller grupper av militar eller halv-militar karakter som har nazistisk ideologi, skal oppløysast og setjast ut-afør loven. Ingen organiasjonar som i sin politikk driv antirussisk propaganda, og som bygger på raschat skal ha lov å drive verksemd. Alle særlover med omsyn til rase og nasjonalitet skal setjast ut av kraft.

Den engelske avisa Times skriv om tviten mellom Sovjetrussland og Finland: Fredsslutningane mellom Sovjetunionen og Romania, Bulgaria og Finland, syner at Stalin fører ein klok og langsiktig politikk, for å oppnå eit godt grannskap til grenseland. Den tyske propaganda som har påstått at Russland vil legge under seg grannelande i austeuropa, viser seg å vera heilt grunnlaus. Alle grensestatar til Sovjetrussland vil få høve til å utvikle seg utan innblanding frå russisk side, men Sovjetrussland krev garantier for at dei ikkje blandar seg bort i antirussiske utenrikspolitiske eventyr.

Tyskland. Finske offiserar, som er komne tilbake frå Tyskland, har uttalt seg til det svenske "Morgontig ningen", at misnøgje og opposisjonen mot Hitler aukar i Tyskland, serleg innan heran. Det er kjendt at Göring og Speer var innblanda i attetatt mot Hitler. Himler og Goebbels skal vera for ei tilnærming til Russland. Alle riksdagsmenn frå før 1930 er fengsla av Himler, mellom dei førre utanriksministeren von Neurath.

Gier reint innan rekkene.

Det som held den enkelte oppe i kampen for fridomen for det folk han tilhøyrer til, er trua på at det er to i folket til sjöl å kjempe, og til å ofre for og verne om fridomen. Ingen ting verkar, der meir nedslåande enn å sjå landsmenn som sel seg sjöl og landet sine interesse for usle økonomiske eller andre serbater. Dette er grunnen for den vanvyrnad og hat alle nordmenn føler for quislingane. Her er det ikkje berre hatet mot ein motstandar som undertrykker oss, men vanvyrnaden for denne type mennesker. Dette er ikkje det minst viktige for frie nordmenns stode til dei som har svike. Vi veit dei har selt seg som leigetroppe til fienden, og vi veit at dei vil få si velfortente straff.

Ennå meir nedslåande er det å sjå nordmenn som seier seg vera norsk selja seg for skral økonomisk vinning. Vi tenkjer her på dei som økonomisk frivillig har gått i fiendens teneste. Her er det berre vanvyrnad. Her er ikkje plass eingong for hat. Det ville vera som å hate slimet av ein sniggel du hadde fått på ryggen.

I desse dagar er det eindele bønder som dei siste vekene av krigen, har fått det travelt med å selje årsavlinga si til tyskerne, for desse dreg seg ut av landet. Det vert i desse dagar frivillig selt poteter, grønnsaker og andre jordbruksprodukter, fra bønder til tyskerne. Dei allierer seg med tyskerne, får merkelapper med "jernvarer" på og Org. Todt, andre sel direkte til tyske soldatar som reiser rundt på bygde-ane og kjøper opp, andre igjen får tyskerne til å hjelpe seg litt med potetopptakinga, for så å selje potetene til fienden som takk for hjelpa.

Dette er ei stor skam for landet vårt, og serleg for bondestandet. Dei bønder som oppfører seg på denne måte, i ein ernæringsmessig vanskeleg situasjon for landet, må få kjenna den kaldgufs fra alle nordmenn som dei verkeleg fortener.

Bondeungdommen må her gå i brodden for å vaska bondeare rein. Den er nå temmeleg flekkete. Det er først og fremst bøndene sjöl og bondeungdommen som må reinska opp i rekkene sine, dersom ikkje svarthandlerbøndene skal sette eit stempel på den norske bonde som han aldri får vaska av seg. Ein må vera på vakt overalt, frysa slike element ut av all omgang, soie tydeleg fra til dei, og elles notera namna deira til det store oppgjeret skal gjerast opp. Dei mest graverande eksempel vil verta offentleggjort i dei frie avisene.

Bondeungdom! Sjå til at alle parolar vert fylgde, slik at bondefrøntonen vert sterk. Ingen svikt i rekkene.

Dei sjöllinnlysande parolar for bøndene er:

Ingen sel varer til tyske soldatar eller tyske sivile.

Alle vareleveranser fra jordbruket til tyskerne skal saboterast så langt råd er.

Ingen tek mot arbeidskraft som vert utskreven av dei nazioffentlige institusjonar, og ennå mindre gjer dei bruk av tysk arbeidskraft.

Kampen som nå vert ført mot svarthandlerbøndene, skal bøndene sjöl gå i brodden for. Her er sikkert fleirtalet av bøndene enige om å fordöma desse. Difor gjeld parol: bonde og bonde imellom! Reinska rekkene!

Atvaring.

Gestapo har over heile landet auka arrestasjonane og terroren.

Alle gode nordmenn må derfor visa varsemd og hjelpa til med å halda tett om heimefrontens arbeid. Lån deg ikkje til rykte-spreiding. Snakk ikkje om ting som du veit at det di plikt å halda tett med. Det er lettare å halda tett nå, enn når du kjem framfor ein gestapo. Er du varsam nå, så slepp du sjöl og dei kredsane vu vankar i, koma opp i vanskar.

Vert det arrestert nokon, så gissa aldri på kv år ska kan vera, eller snakk om ting som du kanskje trur eller aner vedkomande har vorte borte i. Lær deg å tenkje og å handla. Då er du trygg.

Churchils tale i Underhuset den 28 september.

Churchil begynte sin tale med en sammenligning av krigssituasjonen nå og sist parlamentet var samlet. Da et bruhode i Normandie, nå Paris o. så og si hele Frankrike og Belgia befridd, og Holland sto for tur. Fiende som i fire år har pint og undertrykt disse land, er flyktet, og har latt etter seg fire hundred tusen falne, en halv million fanger, og to hundre tusen vil snart være ute av spillet. Alt dette er frukten av slaget i Normandie, det største enkeltslag i denne krigen. Både de amerikanske og de britiske troppene har vist seg fullt jevnbyrdig med de såkalte veteran-tropper fra fienden som her var satt inn.

Om de luftborne tropper, uttalte Churchill, at deres innsats vil innta en varig plass i våre militære annaler, og anspre ungedommen til død i de kommende slekter. Tapene har vært smertelige, men ikke forgjeves. De op holdt fienden slik at våre andre styrker fikk opprettet et sikkert bruhode ved Niemegen. Churchill uttalte sin beundring og anerkjennelse for marquistroppenes innsats i Frankrike.

Om landsetningen i Normandie uttalte Churchill følgende oppgave. Første døg ble det landsatt 1/4 mill mann, de første 20 dage var det landsatt 1 mil. Nå er det mellom 2 og 3 million soldater ved vestfronten. Disse troppene har det beste utstyr som kan tenkes. Forholdet mellom britiske og amerikanske styrker var 2/5 av mannskapsstyrkene og 8/19 av kampdivisjonene. Tapene for britene i vest var 90 000 og for amerikanerne 145 000.

Om Russland uttalte Churchill at han var nødt til å framheve den store innsats russerne hadde gjort mot det tyske krigsuhyre, under så store tap. Stalin har uttalt varme ord om de alliertes innsats i vest. Jeg v nytte anledningen til å framheve at de russiske styrkene holder og slår langt større tyske styrker enn vi har å kjempe med i vest. Russland har ubetinget båret hovedbyrden av kampene tillands.

I Italia hadde Alexander nå kjempet seg fram til Posletta, og vil nå ha ~~de~~ lettere for å slå Kesselrings armeer eller jage dem på flukt. Det var her oppsatt en jødisk brigade for å gi jødene høve til samlet å slås mot nazismen, som hadde gjort deres rase så meget vondt. De skulle også være med under okkupasjonen av Tyskland.

Vi må ikke glemme, sa Churchill, når vi omtaler den militære situasjon, at vi står i stor gjeld til korporal Hitlers strategi, som har spredt tyskerne over hele Europa, og berøvet seg selv muligheten å samle styrkene til effektivt forsvar nå når det kreves. Jeg har aldri fordrat sammenligningen mellom Hitler og Napoleon, fordi det ville være en stor fornærmelse mot den store franske keiser og hærfører. Men en ting har de felles, nemlig den feil ikke å kunne oppgi en tomme jord som krigslykken hadde gitt dem. Da Hitler unngik å bli drept ved attentatet i sommer, takket han forsynet for sin redning. Militært sett kan jeg være enig. Det ville være en ulykke om krigskorporal Schickelgruber ikke hadde fått høve til å bidrage til de alliertes seir, ved sin stupide militærstrategi.

Omkring forholdet til de andre nasjoner: Sovjetsmvelde hadde vist klokskap og hensynsfullhet i oppgjøret med Finland og Romania, som blir hadd trodd på Hitler og gått sammen med ham for å knuse Sovjetsmvelde. Om det polske spørsmål sa Churchill. Det ville være hykleri og si at U.S.A.'s og Storbritannias syn her falt helt sammen med Sovjetunionens. Stalin har ve flere høve uttalt at han ønsker et sterkt og uavhengig Polen, som står i vennskapelig forhold til Sovjet, og i dette er vi helt enige. Polens grenser må revideres, og russernes krav om en sikker grense og et vennskapelig forhold er berettiget. På den annen side føler Storbritannia seg særlig bunnet til Polen, og vi håper at sovjetregjeringa ikke vil stille seg iveien for at vi kan oppfylle våre forpliktelser overfor Polen. Det må unngås at det blir to rivaliserende regjeringer i Polen. En som blir støttet av Sovjetunionen, og en som blir støttet av Vestmaktene.

Om forholdet mellom de allierte stormakter uttalte Churchill, at de aldri hadde vært så intimt og godt som nå. Motsetningene som kunne være tilstede, hadde ikke på noen måte hindret gjennomføringen av planene fra Teheran. Han uttalte håpet om at det innen årets utgang igjen kunne bli et møte mellom de tre store allierte ledere Churchill, Stalin og Roosevelt

A halda kjeft:

"Det det gjelder om nu er å holde kjeft". (Mickelsen 1905)
"Det som det nå gjelder er det som på godt norsk heter å holde kjeft". (London kringkaster 9/10-44)

Vi gir alvorlige tider imøte. Den siste åtvaringa fra den allierte overkommando til alle skip i norske farvatn, viser dette. Likedins appell-plykt. Fridomen for bandet vårt er i sikte, men det vil verta kamp, hard kamp. Dette seier oss at alle landsmenn i denne tid må lara seg til å oppføra seg ansvarsfullt. Ein må vera på vakt mot alle som fer med prat og sladder, og gjer tilhøve for dei som arbeider på heimefronten usikre.

Det er tydelig sagt fra regjeringa vår i London at det nå ikkje kan takast med silkehandskar på slike element. Det er mange typer av dei som med prat vert angivarar. Etter den erfaring som er gjort i det underjordiske arbeidet er det nokon serlege vi vil nemna som alle må vakta seg for.

Mellom mennene:
Den stripete som gjerne vil halda seg inn med alle. Karakterlaus og pongegrisk. Likar å fortelje n.s.-folk om sine jössingvenner og tilhøve mellom dei, og omvendt til jössingfolka om sine n.s.-venner. Dei får ste opplysningar om dei indre tilhøve på heimefronten kjem fram til gestapo på denne måte.

Skrythalsen som briskar seg over alt han er med på, og strur seg å vera midtpunktet for alt som skjer på heimefronten, i alle høve i det distriktet han bur. Er svært "hemmeleg" i alt han foretar seg, og ymtar om sine mange og vanskelege oppdrag.

Luraren som har fått nyss i noko, og som er sprakkeferdig etter å få veta meir. Han ser det som si spesielle oppgave å fylgje med kvad andre "mystiske" personar driv på med. Dette er ein farlig type for arbeidet på heimefronten. Han er det som oftast gjer arbeidstilhøve usikre for dei som lever i dekning.

Feiginggen som aner at det er enkelte som gjer noko, og som får det travelt med å snakke om kor farleg det er for bygda o.s.v. at slike får gå lause.

Mellom kvinnene:
Tyskeludra, karakterlaus, som nyttar alle organer ho kan fer å forråde landsmenn, og som nå mot slutten av krigen vil freista å gjera bolet sitt reide til å ta mot engelsmannen og yankien.

Sladderhanken som skal fortelje interessante ting til sine forvitne medøstre i kvinneforeningar, selskap og elles når det er høve til det. Er svært viktig over at ho har greie på ymse ting. Ein farlig type for alt illegalt arbeid. Når i slekt med skrythalsen mellom mennene.

Den hystoriske som ser pratar villet når det skjer noko i nærleiken, eller hender noko med slekt eller vener. Kan vera farlig dersom ho veit noko.

Alle desse typene må haldast på lang avstand fra alt illegalt arbeid. Dei høyrer reelt sett til fiendens femtekolonne innan heimefronten. Kvær kvinne og mann må vera klar over at det å vera lausmynd ikkje berre fører gode landsmenn i ulukke, men kan øydeleggje eit viktig frontavsnitt i kampen mot fienden.

Vi vil i tilslutning til dette repetere nokon gode reglar som alle landsmenn bør legge seg på minne:

Når du får veta om, eller ser ting som du ikkje skulle ha greide på, så hald dette heilt for deg sjøl.

Har aldri den uvane å koma med halvkvada viser om den eller den "som held på med noko."

Når du nyt alkohol, så vær alltid merksam på at du ikkje er heilt herre over deg sjøl, slik at du kan prata om ting som du skulle haldt tett med. Det same gjeld diskusjonar som du kan koma opp i. La alltid